



Årsplan 2019- 2020

Su 15.08.19

Barna si språkutvikling i barnehagekvardagen



Tryggleik og utvikling



Leik og venskap



Godt språkmiljø

Verdigrunnlaget vårt

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen» heiter det i den nye Rammeplanen.

Dette handlar om at dei verdiar og haldningar me byggjer vår pedagogiske verksemd på, skal liggja til grunn for det pedagogiske innhaldet me vel å fylla vår barnehagekvardag med.

God tilknytning mellom vaksne og barn, ligg til grunn for barnets vekst og utvikling. Den autoritative vaksne er varm, omsorgsfull og har gode relasjonar til barna, samstundes tydeleg, og viser veg og set krav og grenser. Gode relasjonar er ein vernande faktor mot negativ åtferd, utestenging og mobbing. I vårt arbeid vil desse verdiane alltid ligga til grunn det me gjer.

Barnehagens verdigrunnlag kan samanliknast med grunnmuren på eit hus. Grunnmuren er det som held huset oppe. Det som gjer at det står trygt og godt forankra. På same måte vil dette grunnlaget virka for oss. Det er vår grunnmur.

Barnehagen skal vera ein plass kor både store og små skal trivast saman. Me skal sjå det enkelte barnet sitt behov for omsorg, tryggleik og kjærleik. Gjensidig respekt for kvarandre er grunnleggjande. Me skal sørgja for å få tid til kos og ro, samstundes som me legg til rette for at barna skal få ein spanande kvardag med utvikling og mestring.

Barnehagekvardagane skal vera fylt med glede, humor, leik, venskap, medverknad og læring.

Barn som opplev slike omgjevnadar vert betre rusta til å møte kvardagen meir sjølvstendige og trygge på seg sjølv.

Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge, trivast og utvikla seg. Barnehagen ønskjer å leggja til rette for at barn opplever å bli sett, forstått og respektert. I tillegg få den hjelp og støtte dei treng. Barnehagen skal leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn og vaksne, og mellom barna.

«Omsorg er gulvet i hvert menneskes liv, det vi står på, det vi støtter oss til, det som holder oss oppe.» (Vetlesen, Tholin 2013, s.75)

Når eit barn skal begynne i barnehagen, er det viktig at både foreldre og barn vert møtt med tryggleik og omsorg. Både barn og foreldre skal kjenna seg velkommen. Vår oppgåve er å skape tryggleik og tillit i forhold til både barn og foreldre.

I barnehagen viser me mykje omsorg i det daglege arbeidet vårt. I rutinesituasjonane skal me ivareta kvart enkelt barn sine behov som stell, mat og kvile. I desse situasjonane kjem me tett på barna, og me har ein gylden mulighet til å visa omsorg.

Når me gir omsorg, er det viktig å vera merksam på korleis barn opplever det å få omsorg.

Alle barn er forskjellige i forhold til kva omsorg dei treng, vaksne må vera tett på og ha god kontakt med kvart enkelt barn. Respekt for dei signala barnet gjer, er viktig! Nokre barn vil over ein periode ha behov for ekstra omsorg. «Trygghets sirkelen» støttar vaksenrolla i korleis me møter kvart enkelt barn. Positive tilbakemeldingar frå vaksne er viktig for å styrkja barna sin mestringskjensle og sjølvhevdning.

Både vaksne og barn må anerkjenne kvarandre sine kjensler, forstå, visa respekt og bry seg om kvarande. Alle barn skal oppleve å ha ein venn i barnehagen. Vaksne skal til ei kvar tid passe på at ingen vert utestengt eller blir mobba. Vaksne skal vera tydlege, varme og grensesettande.

Omsorg for oss handlar om å gi kvart barn det det treng av tid, nærleik og nestekjærleik, det handlar og om å gi barna fysisk omsorg. Tett på, kos, opplevingar og trøst er ein viktig del for at me vaksne skal vera gode og positive relasjonsbyggjarar. Dette gjer me for å danne grunnlag for tryggleik, trivsel og utvikling hos barn.

For å sikra oss at alle barn vert sett, høyrte og vert støtta i sine utforskingar, nyttar me relasjonsbarometer på kvar avdeling.

Leik

Leiken har eigenverdi og er ein grunnleggande livs- og læringsform som barn kan uttrykke seg gjennom. Glede, humor, spenning og engasjement, skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken er magisk, fylt av livsglede og entusiasme. Leiken har mange uttrykksformer og gjennom leiken kan barna utvikla forståing og vennskap på tvers av alder, språkleg og kulturell ulikskap. Det å få delta i leik og få venner er grunnlaget for barns trivsel, utvikling og læring. Me veit at leiken kan stimulera alle sider ved barnets utvikling. Dette gjeld både språkleg, sosialt, emosjonelt, kognitivt, moralsk og motorisk utvikling. Leiken er og med på å utvikle kreativitet, problemløysingsevner og å lære barnet noko om korleis verden fungerer både sosialt og fysisk. Gjennom leiken kjem dei ulike fagområda naturleg inn. Bevisste vaksne legg til rette, støttar, tilfører, utviklar og inspirerer barn sin leik både inne og ute.

Leiken er for oss ein viktig del av kvardagen vår, me brukar mykje tid på golvet saman me barna. Her er me ein god ladestasjon og trygg hamn. Leiken er fysisk, svært gledefylt og ofte høglydt, og er prega av gjentaking med variasjon. Gjennom kroppsleg leik lærer dei korleis dei sjølve verkar inn på andre. For å stimulera samspelet og læra sosial kompetanse må me som autoritative vaksne støtta dei både med omsorg, tryggleik, språk og materiell, og leggja til rette det fysiske miljø. Dette dannar grunnlag for god kreativ rolleleik seinare. Me må vera gode rollemodellar og bevisste kva inntrykk me gir barna.

Dei vaksne må vera tett på, tolka det barnet uttrykker og hjelpa barna å forstå kvarandre både det barnet uttrykket verbalt og non-verbalt. Me må vera her og no, komme med idear, inspirere eller visa kva me kan gjera for å utvikle leiken vidare.

Me brukar mykje rim, regler og song, dette er samlande, gjev gode opplevingar, glede og trivsel. Gjennom desse felles opplevingane i leiken vert det danna gode relasjonar og vennskap.

Vaksne skal legge til rette for at barna skal få det dei treng av kunnskap, tid, utstyr og fysiske rom for at dei skal kunne vidareutvikle leiken sin. Rolleleiken er blant dei beste pedagogiske verkemidla me har for å styrkja sosial utvikling og språkkompetanse. Barna leikar ut det dei har sett, opplevd og erfart, her må vaksne vera bevisste på korleis me går inn og støttar leiken vidare. Vaksne skal gi barna tid til frileik, men me skal likevel vera tilgjengelege, deltakande og observerande. Det er barna sin eigen leik, vaksne skal vera med å skapa eit godt leikemiljø og bygge opp under gode relasjonar. Observasjonar av barnas leik, gir ofte positive signaler om barna sin kompetanse. Å observera leiken til barna kan gi oss nyttig informasjon om barna sin utvikling, relasjonar mellom barna, om det skjer utestenging og mobbing. Dette er og ein viktig del av det pedagogiske arbeidet vidare i barnehagen. Vaksne skal alltid vera logga på og bevisst på kvart enkelt barn sin leikekompetanse, og gi barnet det det treng for å vidareutvikle seg.



Danning

Barna skal oppleve eit fellesskap som fremjar tilhøyret til nærmiljøet, naturen og kulturen. Barna skal bli møtt med respekt og tillit som likeverdige individ. Barnehagen jobbar for å skapa grunnleggjande respekt for ulike kulturar og mangfald i samfunnet. Danning gjer barn i stand til å handtera livet, utvikle evne til å vera prøvande og nysgjerrige på omverda og til å vera i godt samspel med andre. Gjennom dialog, leik og utforsking, får barna muligheit til å utvikle kritisk tenking, etisk vurderingsevne, og å utvikle eigen identitet og sjølvkjensle. Vaksne skal vera tilstade, vera gode rollemodellar, delta i gode samtalar, vera interessert i barnet og det som barnet interesserer seg for.

Vaksne skal la barna få medverke i kvardagen sin, ved å gje dei høve til å ta initiativ og prøve ut eigne idear og tankar.

Vaksne må la barna få oppleve at deira meining betyr noko for andre, dei får vera med å delta i avgjerdsprosessar og påverka eigen kvardag. Samstundes må barna læra å ta omsyn til andre sine val, meiningar og kjensler. For å vise respekt for alle rundt oss, må me vaksne vera reflekterte, og vera gode rollemodellar for barna.

Barna skal støttast i å læra å tilpasse seg til samfunnet, dei skal samstundes oppmuntrast til å ta sjølvstendige val. Vaksne skal bekrefte barna sine tankar og kjensler, vise tillit til barnet. Barnet skal kjenna at det er ein viktig del av fellesskapet gjennom å få delta og bidra med eigne tankar og meiningar.

Vaksne skal gje barna utfordringar dei kan mestre, for å styrkje sjølvkjensle.

Læring

Leik og læring går hand i hand i barnehagekvardagen vår, og barn i barnehagen skal oppleve eit inspirerende miljø som gir mulighet for læring og mestring. Barna blir gitt rom for å vera kreative, bruka nysgjerrigheita si og gjennom det å få ny innsikt i ulike tema og situasjonar i barnehagen. Barna får bruka kroppen og sansane sine, og gjennom eit læringsfellesskap med andre barn og vaksne får dei ulike erfaringar og utfordringar på veg mot ny læring. Tryggleik og trivsel er grunnlag for all læring.

Leiken er barna sin viktigaste læringsarena. Dei autoritative vaksne skal vera med å inspirera, rettleia og ta barna sine initiativ og interesse på alvor. Dette for å støtta dei til å utforska meir, og verta meir nysgjerrige. Dei skal gi barna mogligheit til å medverke i eit læringsfellesskap, gi dei varierte opplevingar og erfaringar til barna sin eigen, og andre si læring. Dei vaksne må byggje opp under barna sine mestringsopplevingar, og støtta dei i nye refleksjonar og utfordringar, og ha noko å strekka seg etter. Oppleving av mestring gjer ekstra sjølvtilitt og mot til å ta fatt på nye utfordringar og læra meir.

Fagområda skal vera ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. For å tydeleggjera progresjon for alle i barnehagen vel me å ha ein oversikt over innhaldet i kvart fagområde med i årsplanen. På den måten kan det lettare verta brukt som eit arbeidsreiskap for alle.

Kommunikasjon, språk og tekst

Mål: Barn som opplever eit godt språkmiljø

Barn som:



- vert sett og høyrte, møtt av autoritative vaksne
- uttrykkjer sine kjensler, tankar, meningar og erfaringar på ulike måtar
- utviklar begrepsforståing og ord
- deltek i gode samtalar
- blir lesne for
- har tilgang til bøker
- deltar i samlingar
- har song- og musikkopplevingar
- blir kjent med rim og regler
- deltek i leik
- nyttar digitale verkty



- løyser konflikhtar
- fortel
- les bøker
- høyrer høyrespel
- kjenner att egne bokstavar
- utforskar og erfarer ulike skriftspråk
- dramatiserer



- blir lesne lenger bøker for
- vert fortalt segn og eventyr
- kjenner bokstavar og tall
- kjenner igjen namnet sitt

Vaksne som:


- byggjer relasjonar gjennom gode samtalar
- oppmuntre barna til å leike med språk, lydar, rim og rytme
- er gode språkmodellar
- har gode samtalar med barna
- aktivt nyttar konkretar/språkmateriell
- som har kjennskap til digitale verkty
- som skaper eit godt og variert språkmiljø
- støttar barn sine ulike kulturelle uttrykk
- har kjennskap til barns språkutvikling




Kropp, rørsle, mat og helse

Mål: Barn som meistarar

Barn som:

- 
- får kvila ved behov
 - har kjennskap til kroppen
 - set egne grenser for eigen kropp, og respekterer andre sine grenser
 - har gode rutinar på hygiene
 - vert kjent med egne kjensler
 - liker å gå tur og er ute kvar dag
 - får frukt og grønsaker kvar dag
 - kjenner til kvar maten kjem frå
 - opplever måltider som eit positivt og sosialt fellesskap
- kler på seg sjølv
 - har gode erfaringar med friluft/uteliv
 - planlegg turar og utstyr me treng ha med
 - er aktive med i innkjøp og matlaging
- går lengre turar
 - pakkar eigen sekk før tur
 - born som får kroppsleg utfordringar
 - har kjennskap til produksjon av mat

Vaksen som:


- 
- legg til rette for positive sjølvkjensle gjennom kroppsleg mestring
 - legg til rette for aktiv ferdsel og leik i naturen
 - bidrar til at barn utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp, og respekt for andre sin kropp
 - gjev kunnskap om kropp og helse
 - har fokus på sunt kosthold og varierte smaksopplevingar
 - legg til rette for at barn er deltakande i matlaging på avdelinga


Kunst, kultur og kreativitet

Mål: Barn som er kreative


Barn som:

- 
- vert kjent med ulike teknikkar, materiell og verkty
 - uttrykkje seg estetisk
 - tar i bruk fantasi kreativ tenking og skaparglede
 - utviklar kulturell identitet
 - blir kjent med tradisjonelle rim, reglar, songar, leikar og eventyr

- 
- får nytte ulikt materiell på nye måtar
 - får arbeide med inntrykk og kjensler

- 
- får oppleve ulik kunst og kultur i nærmiljøet
 - får oppleve glede og stolthet over eigen kulturell tilknytning
 - vert kjent med korleis skuledagen var før i tida

Vaksne som:

- 
- har fokus på prosess og skaparglede, ikkje på produkt
 - verdset barnekulturen sin eigenverdi
 - legg til rette for at barna får prøva ulike formingsteknikkar
 - møter barna der dei er og utnyttar deira interessefelt og fokus
 - tek vare på barnekulturen og lar den blomstre
 - legg til rette for at barna opplever glede ved song, rim, reglar, musikk og rørsle
 - fremjar mestringskjensle
 - introduserer ulike kulturuttrykk for barna
 - fremjar respekt for ulike kulturar

Natur, miljø og teknologi

Mål: Barn som undrar og forskar


Barn som:



- blir kjent med ulike element
- får gode erfaringar i naturen året rundt
- opplever forskarglede
- deltar på samlingar, aktivitetar, turar og opplevingar kring årstider, dyr, småkryp og planter
- deltek i konstruksjonsleik
- ha kjennskap til digitale verkty
- veit kvar me kastar boss




- nyttar ressursane ute i naturen
- opplev skaparlyst
- tek vare på området rundt barnehagen



- eksperimenterer, beskriver – og samtalar om fenomen i den fysiske verden
- kjenner til mennesket sitt livssyklus
- nyttar digitale verkty i ulike aktivitetar
- kjenner nytteverdien til digitale verkty

Vaksne som:

- er her og no
- legg til rette for leikande læring
- stimulerer til å bruka sansane og tar utgangspunkt i barna sin interesse
- forskar og undrar seg saman med barna
- opplever verda saman med barna
- inkluderer friluftaktivitetar og uteleik i barnehagen sitt kvardagsliv
- stimulerer til undring over naturen sin syklus
- har fokus på miljø og naturvern
- gjev barna erfaringar og kunnskap om kvar maten vår kjem frå
- stimulerer til undring og spørsmål i forhold til teknikk og fysikk
- nyttar naturen saman med barna til leik og mestring
- har kjennskap til digitale verkty





Mengd, rom og form

Mål: Barn som utforskar


Barn som:

- 
- orienterer seg i barnehagen
 - utforskar formar
 - utforskar storleik
 - tel og sorterer
 - er kjent med tidsomgrep

- 
- kjenner til former
 - orienterer seg i nærmiljøet
 - er kjent med mengder og tal

- 
- er kjent med matematiske omgrep
 - har kjennskap til klokka


Vaksne som:

- 
- er medviten eigen ordbruk
 - støttar opp om barna si byrjande matematiske utvikling
 - støttar opp under barna si undring og forskartrong
 - undrar seg saman med barna
 - nyttar naturen aktivt
 - nyttar utfordrande leikemateriell
 - eksperimenterer og forskar ilag med barna
 - nyttar klokka og tidsomgrep
 - bruker spel, bøker, digitale verktøy og konkretar for å inspirera barna


Etikk, religion og filosofi

Mål: Barn som har respekt for kvarandre

Barn som:

- 
- deltar i gode samtalar om normer og verdier
 - opplever og deltek i tradisjonar
 - har kjennskap til samekulturen
 - har høve til å filosofera
 - kjenner til kulturarven vår
 - er med på julevandring
 - får kjennskap til ulike kulturar og livssyn
 - er med på påskevandring


Vaksne som:

- 
- har kunnskap og kompetanse om dei ulike religiøse livssyn og kulturelle barkgrunn
 - er autoritative i sitt møte med barna
 - legg vekt på anerkjennande kommunikasjon
 - fremjar likeverd
 - tek vare på vår kristne og humanetiske kulturarv
 - skape rom for refleksjon og undring ilag med barna
 - fremjar respekt og toleranse for ulike normer og verdier


Nærmiljø og samfunn

Mål: Barn som vert kjent og trivst i nærmiljøet

Barn som:

- 
- er kjent i barnehagen og uteområdet
 - er kjent i nærmiljøet gjennom turar
 - kan namnet på stadar me går til/er på/bur
 - er kjent med 17.mai, nasjonalsongen og flagget vårt
 - er kjent med samefolkets dag
 - lærer å bruke sansane i trafikken
 - kjenner til trafikkreglar
 - bruker refleks på tur
 - er kjent med ulike tradisjonar, levesett og familieformer
 - er kjent med lokale stadnamn, segn og fortellingar
 - utviklar identitet
 - orienterer seg i nærmiljøet og utvidar horisonten
 - får velja turmål
 - er kjent med flaggdagar
 - er kjent med nasjonale minoritetar
 - besøker ulike instansar i nærmiljøet
 - deltar på ein kulturell tur
 - lærer trafikkreglane

Vaksne som:

- 
- er trygge og gode medspelarar ilag med barna
 - lar barna få erfare at dei har medverknad på sin eigen barnehagekvardag
 - nyttar aktivt nærmiljøet ilag med barna
 - har kjennskap til stadnamn og lokale segn
 - legg til rette for besøk på bedrifter/arbeidsplassar
 - kjenner til flaggdagar
 - kjenner til trafikkprosjektet

Lokal satsing

Barna si språkutvikling i barnehagekvardagen

I barnehagen ønskjer me å arbeida med tidleg innsats – å leggja eit så godt grunnlag som mogleg for borna si språkutvikling. Som autoritative vaksne skal me anerkjenne og verdsetja barna sine ulike språk og kommunikasjonsuttrykk.

I lek og positive samspel ligg grunnlaget for barns utvikling og læring. I samspel omgir me oss med språk – både verbalt og non-verbalt. Å lære språk er noko av det viktigaste som skjer i barns liv. Gjennom språk får barna læra om seg sjølv, og gjennom språket opplever barna fellesskap med andre menneske. Språk betyr mykje for sosial utvikling, emosjonelt og intellektuelt. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, lek, samtalar og språkfremmande aktivitetar. I dette arbeidet nyttar me oss av digitale verktøy, bøker, rim, regler, song, spel og konkretiseringsmateriell.

Mål: Barnehagen skal fremja godt språkmiljø.

Kriterium:

1. Barn som opplever ulike former for språk stimulering.
2. Autoritative vaksne som legg til rette for språkutvikling.



Mål: Barnehagen skal fremja lek og vennskap.

Kriterium:

1. Barn som opplever gode vennskap.
2. Vaksne som legg til rette for eit inkluderande språk- og leikemiljø.

Mål: Barnehagen skal fremja omsorgsfulle relasjonar.

Kriterium:

1. Barn som opplever tryggleik og trivsel.
2. Vaksne som set ord på /støttar barna sine kjensler.

Kommunale satsingsområder

Inkluderende barnehage- og skulemiljø


«Alle barn skal oppleve å vera del av eit trygt, godt og inkluderande barnehage- og skulemiljø, fritt for mobbing og andre krenkingar»

Gjennom Vera Saman jobbar me for å oppnå eit inkluderande barnehagemiljø. Dette gjer me for å styrkja kvaliteten på relasjonane mellom vaksne og barn, og mellom barna. Dei gode relasjonane mellom vaksne og barn ligg til grunn for barnets vekst og utvikling. Barnet skal utvikla eit godt sjølvbilete og tileigne seg normer.

I Vera Saman snakkar me om ulike vaksenstilar. Forsking viser at det er den autoritative vaksne som gir barna best mogleg utgangspunkt for vekst og utvikling. Den autoritative vaksne er varm, omsorgsfull og har gode relasjonar til barna, samstundes tydleg, viser veg og set krav og grenser. Den autoritative vaksne finn balansen mellom varme og kontroll, og blir ein tydleg vaksen. Den vaksen må vera «pålogga» i møte med barna og møte dei med forventningar, og la barna meistra. Den autoritative vaksenstilen gir gode rammer og tryggleik, og lar barna medverka i eigen kvardag. Det at barnet møter ein autoritative vaksen inneber at barnet møter ein vaksen som er seg sjølv medviten kva det vil sei å vera varm relasjonsbyggjar, samstundes som ein er medviten det som omhandlar krav og grenser. Gode relasjonar er ein vernande faktor mot negativ åtferd, utestenging og mobbing.

Eit kompetent personale kan observera, anerkjenna og følgje opp barnet i deira utvikling.

Kommunen satsar på BTI (Betre Tverrfagleg Innsats), dette handlar om at det vert laga gode rutinar for å sikra tidleg innsats til barn og familiar.



Trafikk

Barnehagen er ein viktig arena for danning og læring hos barn. Myrane barnehage er medlem av Barnas trafikk-klubb. Rammeplan for barnehagen pålegg barnehagane å bruke nærmiljøet for å gi barna opplevingar og kunnskap. Det vert forventa at me er mykje på tur med barna. Trafikken er eit aktuelt tema, og trafikktryggleik er derfor ein viktig del av vårt arbeid. Barnehagen skal gjennomføra varierte aktivitetar både ute og inne for å auka barna sin bevisstheit og gradvis gjer dei trygg i trafikken.

Barn lærer trafikk på mange måtar. Når barna står i kø og venter på tur, er ein viktig del av det å ta omsyn til kvarandre. Når barn sykklar her i barnehagen, gjer dei seg erfaringar knytt opp mot trafikk. Vaksne skal til ei kvar tid opptre som gode rollemodellar for barna i trafikken. Her skal me samtala me barna om korleis me opptre i trafikken, til dømes kor viktig det er å bruka sykkelhjelm. Barna skal alltid bruka refleksevest når me er på tur. Me viser og formidlar korleis me kryssar vegen med og utan gangfelt, og gå langs vegen utan fortau. Tyding av trafikkreglane og trafikkskilt, det vil seie barna skal vita at alle skilt fortel oss noko, og at skilta si form og farge tyder noko spesielt. Trafikktryggleik handlar både om det som er trygt og farleg. Barna skal vita kvifor det er gjerdet rundt barnehagen og kvifor det er tryggast at porten er lukka når vi går inn og ut av porten. Barna trengjer å trene på å lære å stoppe, gå sakte, sjå seg for til alle kantar, vente på tur og ta omsyn til kvarandre dersom dei skal bli trygge trafikantar.

Barnehagen har ein tett dialog med foreldre og føresette om trafikksituasjon utanfor inngangen. Der er laga ei rundkjøring som tar få bilar om gangen. Det er gjort avtale med foreldre/føresette at dei i stor grad nyttar parkeringsplassen ved Undarheim skule for å avlasta den same rundkjøringa.

Barns medverknad

Barn er sjølvstendige, har eigne tankar, meiningar, idear og kjensler. Medverknad er ikkje det same som å bestemma, barnet vil etter kvart læra å forstå forskjellen på å verta lytta til, og det å få bestemma sjølv. Barna sin medverknad skal danna grunnlaget for leik og pedagogisk arbeid i barnehagen vår. På same tid er barna ein del av fellesskapet, og må læra å ta omsyn til kvarandre.

Me legg til rette for eit miljø der barna vert oppmuntra til å vera sjølvstendige og aktivt deltar i tilhøve som påverkar dei sjølve. Samtidig er det viktig at me ikkje gjer barna meir ansvar enn det dei er rusta til å ta. Me skal leggja til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barnets alder.

For barna handlar det om at dei vaksne er «pålogga», ser kva barnet er opptatt av og skjønner deira uttrykksmåte. Utifrå dette skal me leggja til rette for leik og aktivitetar som opptek dei.

Samarbeid barnehage og heim

Barnehagen skal leggja til rette for ein god dialog med foreldre for å skapa eit godt samarbeid. Tilsette i barnehagen og foreldre/føresette skal gi og få informasjon om barnets kvardag, gjennom daglege samtalar, foreldremøter og foreldresamtalar.

Barnehagen gjev ut informasjon og månadsplanar for at foreldra skal få eit betre bilete av kvardagen til barna. Foreldre/føresette skal ha høve til å søkja råd og rettleiing i spørsmål kring barna deira.

Barnehagen skal støtta og visa respekt for kvar einskilde familie uansett bakgrunn, og me er alle underlagt teieplikt. Foreldre deltek i FAU, samarbeidsutval og foreldremøter.

Gjennom FAU har foreldre høve til å påverka innhaldet i barnehagen. Saker frå foreldregruppa kan der drøftast med barnehagen, for å få til eit godt samarbeid, som igjen kan føra til eit godt barnehagemiljø for barna.

Overgangar

Barnehagestart

Personalet skal å leggja til rette for at barnet får ein trygg og god start i barnehagen. Når eit barn skal begynne i barnehagen, er det viktig at både foreldre og barn vert møtt med tryggleik og omsorg. Både barn og foreldre skal kjenna seg velkommen. Foreldre må kjenne at eg som vaksen er der både for foreldra og barnet deira. Vår oppgåve er å skape tryggleik og tillit i forhold til både foreldre og barn. Den fyrste dagen må mamma, pappa eller ein anna vaksen barnet kjenner godt vera med heile tida. Dette er mest ein besøksdag der ein får helsa på og sjå seg rundt. Vidare tilvenning vil bli individuelt avtalt. I starten bør dagane vera korte, så ein sluttar medan leiken er god, dette for å fremja tryggleik.

Intern overgang

Når eit barn skal byrja på ny avdeling i barnehagen, startar me opp med tilvenning allereie tidleg på våren, med ein fast besøksdag kvar veke. Då får barna ein trygg og god overgang til ny avdeling, og barn og vaksne får god tid til å skape gode relasjonar. Det nye barnehageåret kan starta utan ny tilvenning med foreldre. Det er barnehagen som har ansvar for tilvenning mellom avdelingane.

Barnehage/skule

For at barnet skal få ein trygg og god overgang til skulen, følgjer personalet i barnehagen «klar til skulestart»-planen frå Kvinnherad kommune. Barnehagen og Undarheim skule utarbeider ein lokal plan for at barna skal bli kjent med skulen, og at overgangen til skulen vert så god som mogleg. Barn som skal byrja på ein anna skule, følgjer eige opplegg med gjeldande skule, dette er det føresette som følgjer opp. Barnehagen utarbeider ein eigen plan med mange ulike opplegg for skulekameratane. Det siste året i barnehagen har skulekameratane eit samarbeid med Undarheim barnehage, der dei møtast, går turar i lag, besøker kvarandre og syng på Husnestunet.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Gjennom pedagogisk dokumentasjon, refleksjon og vurderingsarbeid vil barnehagen sikra vekst og utvikling. Vurderingsarbeidet har fokus på satsingsområdet vårt, og kvar avdeling har eigen handlingsplan som grunnlag for vurdering av praksis.

Tett og nær dialog med barna, og vektlegging av barna sin medverknad er viktig i refleksjon- og vurderingsarbeidet vår. Foreldra er viktige samarbeidspartnarar i arbeidet for oss for å sikra kvalitet og utvikling.

Vurderingsverktøy me nyttar er pedagogisk dokumentasjon, observasjon, praksisforteljing, barnesamtalar og relasjonsbarometer.

Styrar har ansvar for å kalle inn og lede vurderinga av årsplanen i mai , saman med barnehagelærarane. Vidare og å starte på ny årsplan.

Kvar avdeling lagar sine månadsplanar, her viser me korleis barnehagekvardagen er på kvar avdeling. Her kjem det fram fagområda, tema, prosjektarbeid og korleis me jobbar. Tema på avdelingane er styrt ut frå barna sine interesser, me vektlegg barnas medverknad gjennom at dei får delta og bidra med eigne tankar og meiningar. Me som vaksne legg til rette for progresjon for kvart barna. Etter kvar månad vert månadsplanen evaluert.

Barnehagen utarbeider eigne planar for skulekameratane, ut i frå tradisjonar, «klar for skulestart» og barnas medverknad.

Temafestar og arrangement felles på huset, har eigne planar og vert evaluert veka etter.

Satsingsområdet og rutinar i barnehagen vert reflektert over på avdelingane og pedagogisk leiar-forum.

Handlingsplan vert skriven 2 gonger i året, og minst 2 gonger i året evaluerer me den. Handlingsplanen er eit arbeidsverktøy me nyttar på kvar avdeling.